

Kvinnherad kommune

Detaljregulering for Røysaneset industribase - Høylandsbygd - 202/140 m. fl.

Plan-ID: 20230002

Planprogram



Datering:
Revidert etter høyring:
Vedtak i Kvinnherad kommunestyre:

27.02.2024

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN OG FØREMÅL.....	3
2	PLANLAGT SITUASJON	3
3	GJELDANDE PLANSTATUS	7
4	LOKALISERING OG PLANAVGRENSING	9
5	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	11
5.1	PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING	11
5.2	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	12
6	FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET	13
7	SENTRALE FAGTEMA I PLANARBEIDET	14
7.1	NATURMANGFALD	14
7.2	LANDSKAP	15
7.1	STRANDSONE OG FRILUFTSLIV	16
7.2	FISKERIINTERESSER	17
7.3	JORDBRUK	18
7.4	TRANSPORT PÅ VEG	19
7.5	FERDSEL PÅ SJØ: HAMN, ANKRING, FARLEI OG FERDSLE	20
7.6	FORUREINING	21
7.7	KLIMAGASSUTSLEPP	22
7.1	ANDRE FAGTEMA	22
7.1.1	<i>Næringsutvikling og samfunnsverknad</i>	22
7.1.2	<i>Kulturminne og kulturmiljø</i>	23
7.1.3	<i>Grunnforhold og masseberekning</i>	23
7.1.4	<i>Vatn, avløp og overvatn</i>	23
7.2	RISIKO OG SÅRBARHEIT	24
8	UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING	24
8.1	ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST	24
8.2	METODE	25
8.3	UTGREIINGSTEMA OG KUNNSKAPSGRUNNLAG	25

1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Røysaneset Industribase AS og Halsnøy Industribase AS.

1.1 Bakgrunn og føremål

Føremålet med planen er å utvikle området for maritim industri. Det har vore aktiv industridrift på området sidan 1970-talet. Det er planar om å vidareføre dagens aktivitet på området, samt utvide og foredle anlegga og aktiviteten. I dag er området nytta til ulike typar maritime tenester, der m.a. Halsnøy Dokk, Tronds Marine Service og Elektroen AS er etablert med skipsverft, industribase, verkstad, lager og kontor. Figuren under viser dagens aktivitet og verksemder. Dei seinare åra har det blitt rydda opp på området, og det er lagt langsiktige planar for utvikling og drift. I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel har tiltakshavar spelt inn utvida arealbruk til næring samt ferdsel/hamn ut i sjø. Deler av dette innspelet er teke inn i høyringsforslaget til ny kommuneplan (føremåla næring og ferdsel). Dette gir signal om, saman med tilråding om oppstart av planarbeidet, at utviklinga av området er ønska i frå kommunen.



Figur 1. Dronefoto av dagens situasjon på industriområdet. Røde og gule strekar indikerer ulike eigarar/bruk av området.

2 Planlagt situasjon

Gjeldande reguleringsplan er frå 1980 og har få føringar for utvikling på området. Tiltakshavar ønskjer å oppdatere den delen av reguleringsplanen som er knytt til næringsføremåla, og legge grunnlaget for framtidretta maritim næringsaktivitet med gode kaifasilitetar, samt å sikre areala nærmast næringsområdet til ferdsel og hamn. Det er ønskjeleg å setja av areal til næringsføremål der det vert opna for sprenging og noko utfylling i sjø, samt etablering av kai og dokk. Ein planlegg for maritim næringsverksemd, som betyr større/høge bygningar, samt støyande aktivitetar.


Tiltaka planen vil legge til rette for er nye kaiar og opprusting av eksisterande kaiar, dokk og verkstad/industribygningar, sjå figur under. Det er etablert kontorbygg på området som ein ønskjer å kunne pusse opp. I tillegg er det trong for overnattingsfasilitetar for skiftarbeidarar. Planen skal regulere byggegrense for bygningstiltak mot sjø. Ein vil også regulere type næringsaktivitet som er tillatt på området. Planen vil vidareføre eksisterande tilkomstveg, og føringar knytt til parkering på eigen grunn.

Utvikling av Høylandsbygd som maritim industripark



Figur 3. Illustrasjon av nye tiltak innanfor planområdet. Tidleg utkast som kan verta endra ila planprosessen. Kjelde: Proled.

Tilkomst er frå etablerte kommunale vegar, Røysanesvegen og Slettanesvegen. I oppstartsmøtet satte kommunen krav om at tilkomstvegane og kryssløysing til fylkesveg med tilgrensande areal skal vera del av planområdet. På denne måten kan ein regulere utbetring av vegane og etablering av fortau samt endre avkøyring til Hillestad.




Figur 4 Oversiktskart med planområdet og tilkomstvegane nærmast og i planområdet.

Det er etablerte tiltak og eigedomar langs og relativt tett på tilkomstvegane. I tillegg er det ein del uryddige eigedomsgrenser m.a. då ein del private eigedomar går inn på etablert offentlig fortau/køyreveg. Det er

utfordrande å regulere utbetringar som ikkje er i konflikt med eksisterande tiltak og eigedomar. Det har difor vore viktig for tiltakshavar å drøfte konkrete løysingar og krav til standard med kommunen allereie no i tidleg fase. Kommunen har i samband med oppstart gitt følgjande tilbakemeldingar:

- Slettanesvegen og Røysanesvegen er definert som Samleveg Sa1, ref. kommunalvegnorm 2022, og skal regulerast med vegbreidde min. 5,5 m og fortausbreidde 2,5 m. Kommunen kan opne for 5 meter vegbreidde på korte parti der 5,5 m breidde inneber direkte konflikt med bygde tiltak på bustadeigedommar. Fortau skal uansett vera 2,5 m.
- Plangrensa skal tilpassast moglegheit for å leggje inn anna veggrunn der det er naudsynt, og ikkje i konflikt med bygde tiltak på bustadeigedommar.
- Hovudveg med kryss skal vera dimensjonert for næringstransport, og svingradius skal dokumenterast. Plangrensa bør leggjast på ein slik måte at ein mogleggjer eventuelle behov for utviding av kryss mellom Slettanesvegen og Røysanesvegen.
- Eigedomsgrenser for vegareal med tilstøytane eigedommar skal løysast i plankartet som juridiske linjer. Nye eigedomsgrenser skal vera tilpassa regulert offentleg vegareal, og plankartet skal syne oppheving av eksisterande eigedomsgrenser som ikkje lenger skal gjelde.

Basert på tilbakemeldingane ovanfor er det utarbeidd skisse av planlagde utbetringar/endingar, og plangrensa er sett med dette som utgangspunkt. Det er to delstrek som avvik frå kommunen sitt krav om 5,5 m vegbreidde, sjå figur under A-B og C-D. Dette er område med etablerte tiltak og eigedomar som ein ønskjer å ta omsyn til. Førrels vegteikning er vedlagt. Vidare planarbeid og medverknad med naboar og offentleg mynde vil kunne gjera at vegteikningane vert justert.




Figur 5 Skisser av planlagt utbetring av veg og fortau. Sjå vedlegg for større kart.

3 Gjeldande planstatus

Store deler av planområdet på land er avsett til næringsføremål i gjeldende kommune- og reguleringsplan.


I kommuneplanens arealdel for Kvinnherad (2018) er landområdet regulert til næringsføremål (BN79), bustad, hamn, LNF og LNF-spreidd. I tillegg er store deler av arealet synt med bestemmelsesområde #A. Område med #A gir at reguleringsplanar skal gjelda saman med kommuneplanen, og dersom det er motstrid mellom KPA og reguleringsplan, gjeld kommuneplanen sine føringar som t.d. med byggegrense mot sjø. Det er sett byggegrense mot sjø i kommuneplanen, i føremålsgrensa til næringsområdet. Sjøområdet er regulert til bruk og vern av sjø og vassdrag, samt Ferdsele (VFE11-12).

I forslag til ny kommuneplan på høyring er areala for næringsføremål utvida, eksisterande NÆ31 og utvida areal NÆ28 (ref. kommunekart.com per januar 2024). Vidare er føremål knytt til LNF, LNF-spreidd, hamn og bustad i det nye forslaget vidareført frå kommuneplan 2018. Landareala er del av faresone H390_34 (fare for skred, kvikkleire). Sjøområdet er avsett til ferdsel, FE216 og FE218, samt bruk og vern av sjø og vassdrag.



Figur 6 Utsnitt gjeldande kommuneplan 2018 for Kvinnherad kommune, og plangrensa med svart stipla linje.


Tilgrensande reguleringsplanar småbåthamn i Hillestadvågen (Småbåthamn Høylandsbygd - 202/5, vedteke i 2010) og nærings- og hamneområde langs Høylandsbygdvegen (Hillestadvågen industriområde, Høylandsbygd – Halsnøy, vedteke i 2001). Varsla plangrense overlappar noko med areal regulert til grønstruktur i reguleringsplan for småbåthamn. I dette området kan det vera aktuelt å regulere utbetring av veg forbi området.



Figur 9. Tilgrensande reguleringsplanar for småbåthamn (høgre) og næringsområde (venstre).

4 Lokalisering og planavgrensing


Planområdet ligg i Høylandsbygd, på Halsnøyi Kvinnherad kommune. Planområdet er lokalisert aust for Sæbøvik, som er sentrum på Halsnøy, og sør for Husnes sentrum. Det er ferje til Stord kommune via Ranavik og undersjøisk tunnel til fastlandet og Husnes.



Figur 10. Oversiktskart.

Planområdet er 507 daa, og omfattar følgjande eigedomar:

gnr. 202 bnr. 1, 2, 8, 11, 15, 19, 20, 28, 29, 33, 34, 35, 36, 38, 44, 48, 49, 50, 52, 53, 54, 55, 56, 57, 62, 66, 67, 68, 73, 96, 107, 120, 132, 140, 141, 142 og 148. Det er berre eigedomane gnr. 202/33, 38, 132, 140, 141 og 142 som skal regulerast til næringsføremål. Plangrensa omfattar berre deler av dei andre eigedommane, og er med grunna kommunalt krav om utbetring av vegføremål, samt for å sikre siktforhold. Plangrensa vil kunne verta redusert til å berre omfatte areal som det er trong for å regulere som del av planarbeidet.



Figur 11 Planavgrensing. Sjå vedlagt plangrense for detaljar.

5 Planprosess og medverknad

5.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og konsekvensutgreiinga (KU). Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planarbeidet er vurdert etter konsekvensforskrifta (2017). Reguleringsplanen vert omfatta av § 6b). Det vil samla verta regulert for næringsbygg over 15.000 m² bruksareal (vedlegg I pkt. 24), og for hamn og hamneanlegg for skip på over 1350 tonn (vedlegg I pkt. 8b). Dagens bygningsmasse innanfor planområdet utgjer om lag 17.000 m², medan dei nye tiltaka vil vera under 15.000 m² bruksareal. Skipsverftet og hamna er ikkje ei nyetablering og større båtar over 1350 tonn seglar og har anløp til området allereie i dag. Det utvida næringsføremålet og hamneområdet er konsekvensutgreidd i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (innspelet til KPA er om lag 104 dekar næringsføremål).

Planforslaget vil i hovudsak vil vera i tråd med gjeldande reguleringsplan og overordna gjeldande og forslag til ny kommuneplan. Ein vurderer likevel at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing med planprogram pga. at det konkrete tiltaket ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd som del av ny KPA eller eksisterande reguleringsplan. Planen vil potensielt ha vesentlege verknadar for ferdsel på sjø, marint naturmangfald, fiskeriinteresser, strandsone jordbruksareal og potensiell forureining.

Aktuelle tema for konsekvensutgreiinga er:

- Naturmangfald (verknadar for kjente registreringar og vassmiljø)
- Landskap (verknadar for eksisterande busetnad, fjern- og nærverknad)
- Strandsone og friluftsliv (verknad for bruk av områda, visuelt og opplevingsverdi)
- Naturressursar:
 - o Fiskeri (verknad for kjente fiskeplassar og låssettingsplassar)
 - o Jordbruksareal (verknad av utbetra vegstandard)
- Transport:
 - o Vegtrafikk (verknad av trafikk på land, trafikktryggleik, kapasitet og trafikkmengd)
 - o Ferdsel på sjø (verknad for sjøvertsferdsle og ankringsområde)
- Forureina grunn
- Klimagassutslepp

Ein vurderer at fagtema forureining (m.a. støy og grunnforhold) også vil verta del av tema naturmangfald, friluftsliv og fiskeri, samt ROS-analyse. Andre aktuelle fagtema som kulturminne, naturressursar, jordbruk, folkehelse, barn og unge, ROS-analyse etc. vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Føremålet er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår og/eller med avbøtande tiltak.

5.2 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av eller vert påverka av planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspartar og vil få tilsendt varsel direkte etter liste i frå Kvinnherad kommune. Andre vert varsla om planarbeidet via kunngjering i avis.

I samband med varsel om oppstart vil det verta halde ope folkemøte, for å informere om prosjektet og få innspel frå naboar. I planprosessen skal det haldast ytterlegare møte med berørte naboar. Det skal òg haldast møte med Vestland fylkeskommune og Kvinnherad kommune om vegtilkomst og trafikktryggleik, samt møte med Kvinnerad si tekniske avdeling for å drøfte lokalisering av kommunalt reinseanlegg.

Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram og varsel om oppstart vert lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde og varsla i avisa.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen og deretter lagt ut på offentleg ettersyn. Naboar og offentleg mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.

Førebels tidsplan

Oppstartsmøte	03.08.2023
Oppstart av planarbeidet med utarbeiding av planprogram og dialog med Kvinnherad kommune om vegløyning	August 2023 - januar 2024
Varsel om oppstart/høyring av planprogram	Mars-april 2024
Ope folkemøte	April 2024
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	Sommar-vinter 2024
Høyring planforslag	Vinter 2024/2025
Vedtak	Vinter/vår 2025

6 Føringer og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

Nasjonale og regionale føringer og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet.

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Klimaplan for Hordaland 2015-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 (under revisjon, planprogram 2022-2027)
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional plan for Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Plaststrategi - ein plastfri natur og hav i Vestland
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for klima 2022–2035
- Regional plan for fornybar energi 2023-2035

Lokale føringer og rammer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022
- Kommuneplanen sin arealdel, 2018
- Kommuneplanen sin arealdel, høringsforslag
- Trafikktryggingsplan 2021-2028
- Kommunal vegnorm Kvinnherad 2022
- Overordna Risiko og sårbarheitsanalyse, ROS 2014
- Akseptkriterium og metode for ROS 2013
- Overordna beredskapsplan 2020
- Kommunedelplan for landbruk 2020-2025
- Klima og energiplan 2020
- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2014-2022
- Kommunedelplan for kulturmiljø 2021-2032

7 Sentrale fagtema i planarbeidet

Sentrale fagtema i planarbeidet vert gjort greie for her. Kapittel 5.1 skildrar kva fagtema som skal konsekvensutgreiast. Andre aktuelle fagtema som ROS-analyse, kulturminne, folkehelse, barn og unge, næringsutvikling/samfunnsnytte, infrastruktur etc. vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Kapittel 8 skildrar alternativ som skal utgreiast, metodikk og kunnskapsgrunnlag.

7.1 Naturmangfald

Store deler av området er i dag opparbeidd til næring, bustad, veg med meir. Området er sterkt påverka av næringsaktivitet.

Det er ikkje verna naturområde, naturtypar på land, funksjonsområde for artar innanfor planområdet. I søraustleg del av planområdet er det ein marin naturtype-førekomst av bløtbunnsområde med verdi lokalt viktig. Førekomsten strekk seg langs land frå Hillestadneset sør til Tveito (ca. 1,6 km). Biota Naturkompetanse AS har gjennomført feltarbeid inkl. ROV-transekt hausten 2023 for land og sjøområda. Det vart ikkje registrert raudlisteartar eller framande artar innanfor planområdet. Biota skildrar strandsona i planområdet som stort sett modifisert (kai, brygger etc.) og at naturleg sjøbotn (svaberg og steinstrand) er berre i den søraustlege delen. Sjøbotn nærmast land er også i stor grad påverka av menneskeleg aktivitet. Innanfor området som tidlegare er kartlagt som marin naturtype i Slettanesvika, søraust for planområdet, vart det registrert to mindre lokalitetar med ålegrassamfunn (Slettanesstranda og Sirihola). Nord i og nord? for planområdet, i område djupare enn 35 muh, registrerte Biota eit økologisk funksjonsområde for sårbart botndyrsamfunn, Sjøfjær. Ingen av artane Sjøfjær som vart observert er raudlista.

Planområdet i sjø overlappar med registrert gytefelt for torsk, Halsenøya nord. Dette er klassifisert av HI i 2019 som lokalt viktig gytefelt (verdi 3). I tillegg overlappar deler av sjøområdet i aust med oppvekst/beiteområde for kysttorsk.



Figur 12 Venstre: Registrert marin naturtypeførekomst bløtbunnsområde med grøn farge. Høgre: Registrert gytefelt (brun skravur) og oppvekst/beiteområde for kysttorsk (grøn skravur). Planområdet er synt med svart stipla strek.

Planområdet er del av kystvassførekomsten Høylandsundet-nord. Den økologiske miljøtilstanden er klassifisert som god (låg presisjon), mens den kjemisk miljøtilstanden er klassifisert som dårleg (låg presisjon). Den dårlege kjemisk tilstanden er i hovudsak grunna punktutslipp frå industri.

Konsekvensutgreiing

Ei utvikling av området, inkludert mindre utfylling i sjø, vil medføre verknader på naturmangfaldet i området. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12. Biota Naturkompetanse AS vil gjennomføre konsekvensutgreiinga.

7.2 Landskap

Store deler av planområdet er etablert industriområde som ligg på eit nes på Halsnøy. Sør/søraust og nordvest for planområdet er det etablert bustadfelt (Røysaneset og Langaneset). I indre del av Hillestadvika er det etablert næringsverksemd knytt til båtverkstad og småbåthamn. Det er ein del dyrka mark og spreidd busetnad sør for planområdet.

Planområdet er del av landskapstypen Ope fjordlandskap med busetnad/ infrastruktur, jf. NiN landskap. I følge rapporten Verdivurdering av landskap (2011) er planområdet del av Høylandssundet, ytre fjordbygder på Vestlandet, middels breie fjordløp, med verdi vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Topografisk er terrenget i og kring planområdet relativt flatt, medan terrenget stig slakt sør for planområdet mot Storarusta (200 moh).



Figur 13 Kartutsnitt frå kommunekart.com som viser området i 3D.

Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, og strandsona i området er i stor grad opparbeidd. Det er innsyn til området frå sjøside i vest, aust og nord. Planområdet er også godt synleg i frå landsida.

Store deler av planområdet er etablert industriområde med kai, dokk og industribygg. Ein ønskjer å opne for å sprengje ut deler av grøntområda mot søraust og sørvest, utvide kaiareal og etablere ny dokk og industrihallar. Det høgaste punktet søraust for planområdet vil ikkje verta endra av planframlegget (ca. kt. +34), denne er sikra i gjeldande plan som grøntområde. Næringsområdet vil vekse noko ut i sjø og verta større.

Konsekvensutgreiing

Det skal gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering ihht. rettleiar M-1941 av korleis tiltaka vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Estetikk og utforming av bygg, teknisk infrastruktur, kaianlegg og industriområdet skal skildrast. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Det skal utarbeidast synlegheitsanalysar som viser kor planområdet

er synleg frå. og då i hovudsak areala knytt til næringsføremåla. Dette skal m.a. gjerast ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjonar frå ulike perspektiv (nær- og fjernverknader).

7.1 Strandsone og friluftsliv

Planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, jf. forbodet mot tiltak langs sjø i plan- og bygningslova. Kvinnherad kommune er i statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona klassifisert som *kommuner med mindre press på areala*, sone 3. Byggeforsbodet gjeld generelt, og kommunane skal berre tillate bygging etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve.

I regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (2017) er aktuelt sjøareal synt som Sjø og vassdrag generelt, eks. AK. Områda er fleibruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) er likestilte. Retningslinjene til regionalplanen gir m.a. føringar for kva interesser og verdiar som ein skal ta særleg omsyn til i samband med utbygging i strandsona, samt kva type tiltak som kan utviklast i strandsona. Industriområdet er klassifisert som Regionalt viktig næringsområde ved sjø i Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland (bakgrunnsdokument til den regionale kystzoneplanen).

Planområdet er i all hovudsak definert som inngrepsnært og utilgjengeleg (ref. SSB) pga. eksisterande tiltak i området. I Kvinnherad kommune sin rapport om funksjonell strandsone frå 2019 er næringsområdet utanfor den funksjonelle strandsona, medan friområde/badeplass og ein del av busetnaden i sør/sørvest ligg innanfor funksjonell strandsone.



Figur 14 Venstre: Utsnitt frå Naturbase; potensiell tilgjengeleg strandsone. Høgre: Utsnitt frå rapport funksjonell strandsone (2019). Blå linje illustrerer den funksjonelle strandsona.

Deler av eit kartfesta friluftsområde ligg innanfor planområdet i austre del, Slettaneset, med viktig verdi. Dette er i tillegg definert som eit statleg sikra friluftsområde. Slettaneset er eit kommunalt friområde tilrettelagt med sandstrand, sandvolleyballbane, toalett, dusj, grill, sitjegruppe og parkering. Området er skildra som ganske godt tilrettelagt, middels eigna og middels brukarfrekvens. Dei tilrettelagde aktivitetsområda er i hovudsak er knytt til indre og austre del av vågen.

I tillegg til Slettaneset friluftsområde er det følgjande friluftsområde i nærleiken av planområdet: Området kring Hillestadholmen nordaust for planområdet og Langaneset vest for planområdet. Begge desse er knytt til strandsona og sjøområde. Sør/sørvest for planområdet er det eit større turområde, Svartaberget.



Figur 15. Utsnitt med kartfesta friluftsområde i nærområdet til planen. Meir informasjon på fylkesatlas.no.

Det er ikkje registrert at sjøområda vert særleg brukt til friluftsliv, men det er truleg ferdsel- og fiskeriinteresser her. Det er etablert småbåthamn (Høylandsbygd Båtforening) inst i Hillestadvågen, med tilhøyrande naust/naustboder, samt parkeringsareal.

I dag er det eit terreng- og vegetasjonsbelte mellom næringsområdet og friluftsområdet Slettaneset. Det er ønskeleg å omdisponere ein mindre del av friluftsområdet til næringsføremål, sjå figur kapittel 2. I kva grad og omfang dette vil påverke vegetasjon, terreng, samt skjerming av friluftsområdet skal belyst. Om arealet skal omdisponerast skal avklarast i planprosessen. Resterande areal regulert til friluftsføremål i gjeldande plan skal vidareførast i ny reguleringsplan.

Konsekvensutgreiing

I konsekvensutgreiinga vil ein sjå nærare på planen sin verknad for tema strandsona og friluftsliv knytt til både land og sjø. Særleg skal forholda tilgjenge til barn og unge, friluftsområde og fritidsfiskeområde, samt tilkomst for båtar til småbåthamna i Hillestadvika vurderast. Verknad for strandsoneverdiane i planområdet og nærområdet skal vurderast med omsyn til kjent kunnskap og synfaringar. I tillegg skal planforslaget sin verknad sett i lys av overordna føringar for strandsoneforvaltning vurderast her. Dette gjeld vurderingar opp mot m.a. Statlege planretningslinjer og regional kystsonoplan.


7.2 Fiskeriinteresser

Det er registrert fiskeplassar i sjø innanfor planområdet. Fiskefelt med aktive og passive reiskap har same avgrensing.

- aktive reiskap (rosa skravur), fiske etter sei, sild, makrell og brisling.
- passive reiskap (brun skravur), garnfiske etter sei og lyr, samt teinefiske etter krabbe. Fiskefeltet er omtala: *Hele området er et rikt fiskefelt som benyttes til fiske med flere typer passive redskap etter flere artstyper. Om sommer foregår mye fritids-/turistfiske i område. Gyteområder torsk i området.*
- To låsettingsplassar Hillestadvågen (rød farge), nytta til sild, makrell og brisling

Konsekvensutgreiing

Det er registrert fiskeplassar innanfor og i nærleiken av planområdet. Det er planlagt noko utfylling i sjø og nye kaiar. Det tiltaket som vil stikke lengst ut i sjøen er ny kai som er planlagt i samband med eksisterande og ny dokk. Verknad for fiskeplassane er arealbeslag av kai, fylling og fyllingsfot, samt verknadar i anleggsfasen. Påverknad av fysiske tiltak i sjø, samt verknad av skipstrafikk som inneber samlokalisering med fiskeriinteresser, skal planarbeidet vurdere. Biota Naturkompetanse AS vil gjennomføre konsekvensutgreiinga.




Figur 16 Utsnitt av registrerte fiskeriinteresser.

7.3 Jordbruk

Det er registrert jordbruksinteresser innanfor planområdet, dette gjeld areal langs kommunalveg og fylkesveg. Arealet er klassifisert som fulldyrka jord, som vert nytta til grasproduksjon. Det er noko skog innanfor området, men skogbruksressursen er avgrensa.

Konsekvensutgreiing


Ein del av den dyrka marka langs kommunalvegen vil verta omdisponert til samferdselsføremål. Med utgangspunkt i AR5-kart skal omfang og verknad av omdisponering utgreiast og avbøtande tiltak skal takast inn i planforslaget.



Figur 17 Utsnitt AR5, NIBIOs Kilden

7.4 Transport på veg

Hovudtilkomst til området er via fylkesveg 500, Sæbøvegen/ Halsnøyvegen. Avkøyring frå fylkesvegen er via Høylandsbygdvegen, Fv. 5048. Alternativt via Toftevågsvegen, Fv. 5054 til Fv. 5048. Det er om lag 6 km frå Landa (kryss til Sydnes) fram til næringsområdet.



Figur 18 Dagens hovudvegar, samt busshaldeplassar

ÅDT på Høylandsbygdvegen er registrert til 750 og 650 fram til planområdet. Fartsgrensa varierer mellom 50 og 80 km/t. Registrert vegbreidde varierer mellom 4,9 og 7 meter. Bruksklasse er registrert til BK10 50 tonn, og maks vogntoglengde 19,50 meter. Det er registrert 10 trafikkulykker langs vegen i Statens vegvesen sin database. Den sist registrerte var i 2018, men ingen i avkøyringa til Hillestadneset. Det er ikkje lagt til rette for fortau/gang og sykkelveg langs Høylandsbygdvegen. Det er etablert busshaldeplass med busskur i krysset til Slettanesvegen.

Det siste strekket fram til næringsområdet er kommunalveg, Røysanesvegen og Slettanesvegen (KV1044 og KV1037). Bruksklasse er registrert til BK10 50 tonn, og maks vogntoglengde 19,50 meter. Kryssløysinga til Høylandsbygdvegen er i tråd med HB N100 for hjørneavrunding ($R=9$), men avviker noko for vertikalgeometri (meir enn 3 % fall). Det er eit oversiktleg og ope kryss med gode siktforhold, med unntak av at vegen Hillestad flyt delvis inn i krysset. Ein vil i planprosessen søke å flytte vegen Hillestad inn på Slettanesvegen, slik at det vert ei felles avkøyring til fylkesvegen.

Avkøyring mellom Røysanes- og Slettanesvegen er i tråd med HB N100 for vertikalgeometri og hjørneavrunding mot sør ($R=9$). Hjørneavrunding mot nord er under $R=9$, men det er ingen næringstrafikk som skal denne retninga. Det er slake stigningsforhold på alle vegane, bortsett frå eit mindre strekk nærmast næringsområdet (maksimalt 12,5 %). Det er etablert smalt fortau langs deler av Slettanesvegen og heile Røysanesvegen. Det er ukjent ÅDT på vegane. Trafikk langs kommunal veg er knytt til bustadar i området (ca. 40 husvære), samt etablert næringsområde, friluftsområde og småbåthamn. Planframlegget vil medføre meir trafikk enn dagens situasjon. Ein vil i planarbeidet sjå nærmare på forventa ÅDT.


Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Vegane har varierende breidde og det er etablert smalt fortau frå fylkesveg og fram til næringsområdet. Siktsoner, radius i kryss/avkøyringar, samt stigning på kommunal veg fram mot fylkesvegen har god standard. Kommunen har i oppstartsmøte sett krav om at planarbeidet skal regulere utbetring av dei kommunale vegane med tilhøyrande fortau, samt oppstraming av kryss til fylkesvegen. Det må søkjast om avvik frå kommunal vegnorm 2022 som del av planarbeidet.

Konsekvens for trafikktryggleik, barn og unge, mjuke trafikantar, tilgjenge og kryssløysingar, trafikkmonster, kollektivdekning, byggegrense mot veg, parkering, og konsekvensar for fylkesvegnettet, samt vegtrafikk i samband med bygg- og anleggsfase skal utgreiast. Det er ikkje planlagt kartlegging av vegstøy som del av planarbeidet. Det skal utarbeidast tekniske vegteikningar.


7.5 Ferdsl på sjø: Hamn, ankring, farlei og ferdsle

Det er eit ankringsområde nord for planområdet (Høylandbygd), og bileia Høylandssundet går i kant med planområdet i aust. Bileia går mellom planområdet og navigasjonsinnretninga på Hillestadholmen. Halsnøy Dokk som ligg innanfor planområdet er klassifisert som ISPS-hamn.



Figur 19 Venstre: Farlei og farleisareal i området til venstre (Yggdrasil), Høgre: Ankringsområdet Høylandssundet.

I følgje Kystdatahuset.no passerte det i perioden januar 2021-desember 2023 om lag 645 skip med AIS-plottar i Høylandssundet sør for planområdet. Hovuddelen viser seg å gå på vestsida av Hillestadholmen, sjå figur under. Ein god del av skipa skal inn til kaiområda i planområdet, sjå figur under. Av dei registrerte skipa er største djuptgåande fartøy 8 meter, største fartøyslengde 218 meter, største fartøybreidde 29 meter og største fartøyhøgde 56 meter. Dei fleste passeringane er av lasteskip (374) og offshore/spesialfartøy (182). I tillegg er det passeringar av tankskip (53), passasjerskip (31) og fiskefartøy (2).



Figur 20 Registrert skipstrafikk januar 2021 til desember 2023 (Kystdatahuset.no)

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Planframlegget vil medføre auka trafikk på sjø med grunnlag i moglegheit for auka aktivitet og betra fasilitetar, samt at planen vil opne for ny kai og dokk. Plankartet skal regulere eigne areal til kai og hamneområdet i sjø og fartøy skal sikrast tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt aktuelle kaianlegg. Ein god del av transport til/frå planområdet vil skje på sjø. Det er difor viktig med gode hamnetilhøve for manøvrering og ferdsel. Planen vil sikre ei tilpassing av utfylling/tiltak i sjø i høve til ålmenn ferdsel i området, slik at dei ikkje vil vera til hinder for bruk av ankringsområde eller farlei forbi planområdet. Bølgjepåverknad skal vurderast i ROS-analysen.

7.6 Forureining

Forureining, inkludert støy, støv og lys er viktige problemstillingar for folkehelsa, barn og unge, samt nærmiljøet. I tillegg eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vurdere planforslaget sin verknad for naturmangfald og friluftsliv. Planen vil legge til rette for vidare bruk og utvikling av industriområdet. Industriområdet vart etablert på 1970-talet og har sidan vore under stadig utvikling. Det har alltid vore maritim verksemd på området.

Det er registrert to flatar i planområdet med grunnforureining: Halsnøy Dokk AS – land (id 4022-A) og sjø (id 11889-A) der begge førekomstane er klassifisert til påverknadsgrad 2, akseptabel forureining med dagens areal- og resipientbruk. Det har tidlegare vore dialog med Statsforvaltaren angående landområdet og ein har dekkja til desse forureina massane. Halsnøy Dokk AS som er ein av aktørane som er på området i dag driv m.a. med mekanisk overflatebehandling og verft. Selskapet har løyve til utslepp jf. Norske utslepp.no. Drifta følgjer gitt løyve og Statsforvaltaren har tilsynsansvar.

Det er gjennomført ein tiltandsvurdering av ureina sediment i sjøområdet utanfor næringsområdet, Resipientanalyse 19.12.2022. Sjå vedlegg. Denne konkluderer med: «*Miljøgift nivået er høgst utanfor verfts-slipp området ved prøvestasjon 6. Her er det forhøga verdiar av kopar, sum PAH16 og TBT, og moderate nivå av bly og sink. Ved prøvestasjon 4 er det påvist forhøga verdi av kvikksølv og TBT, og moderate nivå av PAH16. Nivå av TBT er langt lavare enn påvist ved granskinga i 2009, men prøvane er tatt lengre ute i resipienten. Nivået av PAH16 i gult område er noko høgare ved denne granskinga enn i 2009, nivå av PAH16 i resipient er lavare og innanfor tilstand 2, god. Konsentrasjonen av tungmetall var størst i nærsona i 2009. I gult område er det kun sink som overskrid tilstand 2, god for tungmetalla. I resipienten var nivået av alle tungmetalla innanfor tilstand 2, god. Dersom det skal fyllast ut i sjø i sedimentområdet ved industriområdet som er markert med gult og akseptabel tilstand for sediment i forureiningsdatabasen, vil vi anbefale at det blir utarbeid ein risikovurdering av forureina sediment på bakgrunn av sedimentprøvene som er tatt i samband med denne granskinga. Dersom det skal utførast tiltak i Hillestadvågen, som utfylling i sjø eller endre bruksplan til meir følsamt arealbruk, vil vi anbefale at det blir tatt fleire sedimentprøvar i dette området, saman med ei risikovurdering av ureining i sediment. Dersom det skal utførast tiltak i nærleiken av badestranda mellom Slettaneset og Hillestadneset, som utfylling i sjø eller endre bruksplan til meir følsamt arealbruk, vil vi anbefale at det blir tatt nye prøvar».* Potensiale for forureining er noko som planarbeidet skal vurdere og sikre at verknaden vil vera akseptabel.

Planframlegget er knytt til etablert industriområde med maritime verksemdar. Dette vil planen vidareføre, og det vil vera kaiar, dokkar og industribygg på området. Ein har i seinare tid rydda opp på området, då det har vore lagra ein del eldre utstyr/materiale etc. Ein ønskjer at området skal framstå som eit ryddig næringsområde for nærmiljøet, samstundes skal området vera eit fungerande industriområde. Industriaktivitet som krev utsleppsløyve vil verta søkt om til forureiningsmynde, slik det også er i dag.

Maritim næringsaktivitet og hamnedrift fører med seg ulike typar støy gjennom døgnet, og støy kan vera ein utfordring for nærliggande område. Det har lenge vore og framleis er drive verftsindustri på området. Ein er opplyst om at det ikkje har vore klagar knytt til støy frå verksemda.

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Planarbeidet skal utgreie støytilhøva i anleggs- og driftsfase, og skal sikre tilstrekkeleg avstand mellom nye verksemdar og busetnad, samt legge føringar for næringsaktiviteten som tek i vare eksisterande busetnad. Det skal gjennomførast støyvurderingar som del av planarbeidet.

Tilhøve knytt til støy og potensiale for forureining av grunn/sjøbotn skal belysast i planarbeidet, og også vera ein del av kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiing for tema friluftsliv, fiskeri, næringsutvikling, samt ROS-analyse. Behov for nye kartleggingar og undersøkingar vil vera basert på tilrådingar i rapport frå Resipientanalyse (2020) og omfang av tiltak som planframlegget opnar for i sjøområdet.

7.7 Klimagassutslepp

Rettleiaren for konsekvensutgreiing av klima og miljø, M-1941 innleier fagtema klimagassutslepp med: *«Klimagasser er gasser som påvirker atmosfærens evne til å holde på varme, skaper en drivhuseffekt og dermed påvirker klodens klima. De viktigste utslippskildene i Norge er olje- og gassutvinning, industri, veitrafikk, annen transport og arealendringer. Vidare, at konsekvensutredning om klimagassutslipp skal vurdere og dokumentere hvilke utslipp en plan kan føre til og hvilken konsekvens dette vil ha, uansett kilde til utslippene».*

Klimagassutslepp er knytt til både arealbruk/nedbygging av karbonrike areal, utbygging som kan gi auka transport, samt utslepp av drift/industri/materialbruk/anleggsarbeid. Planområdet omfattar i liten grad karbonrike areal, utover mindre areal knytt til skog og jordbruksareal, sjå figur i kapittel 7.3 (Ar5). Det er ikkje registrert myrområde innanfor planområdet. Det er etablert industri- og maritimaktivitet i planområdet også i dag. Planen vil legge til rette for dagens bruk og utvikling.

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Planarbeidet skal dokumentere klimagassutslepp frå arealbeslag etter arealtype og jordtype, samt omfang av omdisponering. Utrekningar vil verta gjennomført «beregningssmal for klimagassutslipp fra karbonrike arealer» gitt i M-1941. Planarbeidet skal også dokumentere klimagassutslepp knytt til sjøfart og bruk av landstrøm i hamn. Utrekningar vil verta gjennomført «Landstrøm i havn» gitt i M-1941. Presentasjon av kommunen sine utslepp av klimagassar skal belysast og i kva grad planframlegget vil påverke kommunen sitt samla utslepp av klimagassar.

7.1 Andre fagtema

7.1.1 Næringsutvikling og samfunnsverknad

Det er eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i regionen, og i Kvinnherad kommune. Rapporten Grøn region Sunnhordland frå Vestland fylkeskommune frå 2021 peikar på tilgang på næringsareal som ein av utfordringane for næringslivet i Sunnhordland. Tilrettelegging for framtidig bruk og utvikling på Røysaneset Industriområde vil medverke positivt til å vidareutvikla og sikre grøn næringsutvikling i kommunen og regionen. Planframlegget vil kunne medverke positivt til fleire arbeidsplassar i kommunen og i regionen.

Det har vore aktiv drift på området sidan 1970-talet. I tidlegare tider når det var mest aktivitet på området jobba det om lag 500 personar her, i seinare tid har talet på tilsette vore vesentleg lågare. Med den nye utviklinga på området ein no legg opp til gir det grunnlag for fleire arbeidsplassar og høgare aktivitet på området enn i dag.

Det vil setjast av areal til næringsbygningar, ny dokk, samt mindre utfylling i sjø og etablering av nye kaiar. Det skal gjerast nærare greie for omfang og kva type næringsverksemd planen skal opne for, samt for anleggsutforming.

7.2 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (2018). Akseptkriteria til Kvinnherad kommune skal òg nyttast.

NVE Atlas syner at området ikkje ligg innanfor flaum- eller skredfaresone, eller aktsemdsområde for flaum, steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred. Det er ingen registrerte skredhendingar, ustabile fjellparti, eller kvikkleire i området. Det går ingen bekkar eller vassdrag i området. Planområdet ligg under marin grense og det er såleis potensiale for kvikkleireskred. Store deler av området er næringsområde planert på fjell, og andre område er gamal utfylling på sjøbotn der det ikkje er teikn til ustabilitet. Områdestabilitet må vurderast i ROS-analysen der reell fare for områdeskred skal vere avklart før høyring av planforslaget. Fagleg vurdering skal byggje på og vera utarbeida av fagkunnig geoteknikkar etter NVE sin *Veileder nr. 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred*. Forhold til auka havnivå og stormflo viser at ein mindre del av området potensielt vil verta overfløymd ved stormflo dimensjonert for 2050 og intervall 200 år. Det er planlagt å heve deler av næringsområdet med utgangspunkt i tilgang på lokale steinmassar. I tillegg sette føringar for at nye bygg og anlegg plassert under kote +3 skal prosjekterast og byggast slik at dei toler stormflo, saltvatn- og bølgepåverknad.

Sentrale tema i ROS-analysen vil vera tilhøve for trafikk, trafikktryggleik, støy, forureining i grunn/sjø, auka vasstand og grunntilhøve. Ein planlegg for tyngre næringsverksemd, som vil kunne bety høge bygningar/tiltak, samt støyande verksemdar og verksemdar med andre typar forureiningar. Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps- og ulukkesrisiko vil verta utgreia gjennom ROS-analysen. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil verta sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gonger i reguleringsplanen.

8 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

8.1 Alternativ som skal utgreiast

Planar etter KU-forskrifta skal gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, her medrekna alternativ lokalisering. Tilrådd alternativ skal grunnjævast.

Store deler av området er avsett til næring i gjeldande reguleringsplan og kommuneplan, og det er såleis allereie gjort ei vurdering av alternativ lokalisering på kommunalt nivå i overordna plan. Planforslaget vil vera ei regulering av eksisterande næringsområde for vidare utvikling og drift. Det er ikkje andre større næringsområde i nærleiken som kan nyttast til den aktiviteten som er på området i dag. Flytting av aktiviteten er ikkje reelt. Difor vil ein ikkje sjå på alternative lokaliseringar utover planområdet. Alternative utbyggingsalternativ/ -utformingar av planområdet er naturleg å gjennomføre i planleggingsfasen.

0-alternativet: Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar.

0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og rammene til gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Då dagens reguleringsplan er gamal og Kvinnherad kommune har signalisert at denne bør opphevast/oppdaterast, vil 0-alternativet i hovudsak vera dagens situasjon.

Planalternativ: Hovudmålsettinga for planarbeidet er å legge til rette for vidare utvikling av eksisterande maritimt industriområde. Utstrekning av næringsføremålet, hamn, storleik på utfylling i sjø, løysing for

kommunal veg/fortau og kryssløysing til fylkesvegen er faktorar som skal vurderast. Ut frå kjent kunnskap og usikkerheit ser ein det som naturleg at alternative utbyggingsalternativ/utforming av planområdet er:

- a) Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA, utan omdisponering av friluftsområde søraust for dagens næringsområde
- b) Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA på høyring, inkl. omdisponering av friluftsområde søraust for dagens næringsområde

Ein ser det ikkje som aktuelt å utgreie eit alternativ med så stort omfang av nytt næringsareal i sjø og dermed utfylling/tiltak i sjø som ligg inne i forslag til ny kommuneplanen (høyringsforslag per januar 2024). Ein vil avgrense planalternativet til næringsareal og tiltak skildra i kapitel 2. Dette omfattar berre noko av forslag til nytt næringsareal i revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

I dag er ny kommuneplan ikkje er vedteke og det er usikkerheit kring realisme i omdisponering av friluftsområde søraust for dagens næringsområde. Dersom ny kommuneplan er vedteke før reguleringsplansforslaget skal ein leggje til grunn ny kommuneplan, og dersom den ikkje er det vil alternativa vist ovanfor verta utgreia.

8.2 Metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventta tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventta tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument. Det skal i tillegg gjennomførast utgreiing og kartlegging av støy, naturmangfald (i sjø og på land), samt områdestabilitet.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basert seg på metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2023). Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 vil verta nytta for å vurdere planframlegget for tema naturmangfald, landskap, strandsone og friluftsliv. For dei andre tema som rettleiaren ikkje omfattar, er metodikken tilpassa til det enkelte fagtema.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet famnar om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktighet og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Viser til rettleiaren M-1941 for skildring av dei ulike stega og definisjonar av verdi, verknad, konsekvens og konsekvensgrad.

Hovudstega i utgreiinga vil vera:

- 1) Kartfesting og verdisetting av delområde
- 2) Vurdere verknad for delområda
- 3) Vurdere avbøtande tiltak
- 4) Vurdere konsekvensgrad for delområda med grunnlag i konsekvensvifta og ei samanstilling for fagtemaet.

8.3 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som en del av planskildringa. Aktuelle tema for konsekvensutgreiinga er:

- Naturmangfald (verknadar for kjente registreringar og vassmiljø)
- Landskap (verknadar for eksisterandebusetnad, fjern- og nærverknad)
- Strandsone og friluftsliv (verknad for bruk av områda, visuelt og opplevingsverdi)
- Naturressursar:
 - o Fiskeri (verknad for kjente fiskeplassar og låssettingsplassar)
 - o Jordbruksareal (verknad av utbeta vegstandard)
- Transport:
 - o Vegtrafikk (verknad av trafikk på land, trafikktryggleik, kapasitet og trafikkmengd)
 - o Ferdsel på sjø (verknad for sjøvertsferdsle og ankringsområde)
- Forureina grunn
- Klimagassutslepp

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømmande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Naturmangfald	Naturbase Artskart/Artsdatabanken Vannportalen Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet Lokalkunnskap Grunnforhold (forureining)	Naturtypekartleggingar på land og sjø gjennomført av Biota Naturkompetanse Vurdering av vassmiljø basert på kjent kunnskap, gjennomført av Biota Naturkompetanse Støykartlegging
Landskap	Kommuneplan for Kvinnherad Grunnkart som syner busetnad Nasjonalt referansesystem for landskap Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011	Synlegheitsanalyse 3D illustrasjonar for å syne utbygginga sin visuelle verknad, samt verknad for oppleving, naboar og nærområde.
Strandsone og friluftsliv	Fylkesatlas.no Kommuneplan for Kvinnherad Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona Rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland Lokalkunnskap	Analyse av eksisterande strandsonkartlegging Støykartlegging
Naturressursar: Fiskeri	Kystnære fiskeridata Fiskeridirektoratet	Ingen nye kartleggingar
Naturressursar: Jordbruk	AR5 Lokalkunnskap Landbruksplan Kvinnherad	Ingen nye kartleggingar
Transport Vegtrafikk	Kommuneplanen sin arealdel Statens vegvesen: Handbok N100 Statens vegvesen: Handbok V713 Kommunal vegnorm Kvinnherad	Trafikkanalyse dagens og framtidig situasjon Berekning av framtidig ÅDT basert på planframlegget og Statens vegvesen sine handbøker
Transport Ferdsel på sjø	Kystinfo Kystdatahuset	Ingen nye kartleggingar

<p>Forureina grunn</p>	<p>Grunnforureining (miljødirketoratet) Norske utslepp.no Tilstandsvurdering av ureina sediment i sjøområdet utanfor næringsområdet, Resipientanalyse 19.12.2022 Miljøtekniske grunn- og sedimentundersøkelser. Cowi. November 2009</p>	<p>Behov for nye kartleggingar med sedimentprøvar og risikovurdering vil vera basert på planframlegget og tilrådingar i rapport frå Resipientanalyse 2022:</p> <p><i>Dersom det skal fyllast ut i sjø i sedimentområdet ved industriområdet som er markert med gult og akseptabel tilstand for sediment i forureiningsdatabasen, vil vi anbefale at det blir utarbeid ein risikovurdering av forureina sediment på bakgrunn av sedimentprøvane som er tatt i samband med denne granskinga.</i></p> <p><i>Dersom det skal utførast tiltak i Hillestadvågen, som utfylling i sjø eller endre bruksplan til meir følsamt arealbruk, vil vi anbefale at det blir tatt fleire sedimentprøvar i dette området, saman med ei risikovurdering av ureining i sediment.</i></p> <p><i>Dersom det skal utførast tiltak i nærleiken av badestranda mellom Slettaneset og Hillestadneset, som utfylling i sjø eller endre bruksplan til meir følsamt arealbruk, vil vi anbefale at det blir tatt nye prøvar.</i></p>
<p>Klimagassutslepp</p>	<p>Ar5 / Nibio Informasjon frå tiltakshavar om utsleppskjelde/framtidig utvikling etc.</p>	<p>Utrekne klimagassutslepp frå arealbeslag, sjøfart og bruk av landstraum i hamn. Presentasjon av kommunen sine utslepp av klimagassar og synleggjere i kva grad planframlegget vil påverke kommunen sitt samla utslepp av klimagassar.</p>

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord
Besøksadr.: Torgbakken 9
poststord@abo-ark.no